



Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035

Vedtatt av kommunestyret 19.03.2025



Innhold

FORORD	4
1. FORMÅLET MED PLANEN	5
2. UTVIKLINGSTREKK	6
3. VISJON	8
4. PLANTEMA	9
Byform, byggehøgder og bykvalitet	9
Høgghus	12
Opplevingskvalitet	13
Estetikk	13
Tryggleik	14
Bukvalitet	14
Byrom – gater, grønstruktur og møteplassar	16
Handel, næring og tenesteyting i sentrum	24
Kultur, opplevingar og uteliv	28
Samferdsel	31
Trafikksystem	32
Parkering	35
Klima og miljø	38
Samfunnstryggleik	41
5. HANDLINGSPROGRAM	43
6. OVERORDNA RAMMER OG PREMISSE	45
7. VEDLEGG	49
Temakart 1 «Viktige byrom»	50
Temakart 2: «Kvartalstruktur og kvartaltypologi»	51
Temakart 3: «Høgder på bygg med prinsippkisser»	52
Temakart 4: «Område med ulik krav om Minste felles uteopphaldsareal (MFUA) med prinsippkisser	53
Temakart 5: «Soneinndeling frikjøpsordning MFUA»	54
Temakart 6: «Aktive og opne fasadar med forklaring»	55
Temakart 7: «Gatehierarki»	56
Temakart 8: «Grøne Byrom»	57
Temakart 9: «Ruter for mjuke trafikantar»	58
Temakart 10: «Bevaringsverdige bygg og anlegg»	59
Temakart 11: «Soneinndeling krav om parkering»	60

Forord

Eit attraktivt bysentrum fullt av myldrande liv og aktivitet er ein stor kvalitet for kommunen, innbyggjarar, besøkande og næringsdrivande. Dette var framtidsbildet i Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 (sentrumsplanen). Etter ein betydeleg auke i folketalet i perioden 2000-2015, stagnerte denne auken i perioden 2015-2020, for å ta seg litt opp att i 2021.

Sjølv om auken i folketalet ikkje har vore som forventa, har Bryne sentrum dei siste åra likevel vorte ein meir attraktiv by. Kommunen har gjort vesentlege grep og investeringar i sentrum. Dette har, saman med ei god samhandling med næringslivet, vore blant viktige grunnar for at Bryne vart kåra til finalist i Attraktiv by 2022.

Juryen for Attraktiv by 2022 trakk fram at *«Bryne har etablert seg i den lokale og regionale bevissthet som en attraktivt by og kommunen har vist evne til å ta hele verktøykassen i bruk. At Brynes historie og identitet har vært uløselig knyttet til matkultur har ikke vært oversett. Virksomheter og næringer knyttet til mat har vært og er viktige ingredienser i dagens Bryne. Dette er med på å bygge en kompakt og attraktiv by med et tydelig driv, preget av inkludering og med en sterk kultur for samarbeid og bærekraft»*.

Me er stolte over denne kåringa. Den stimulerer til å føra dette arbeidet vidare slik at Bryne kan verta ein endå meir attraktiv by.

Bryne er det regionale bysenteret for Jæren. Målet med kommunedelplanen for Bryne sentrum er å leggja til rette for byvekst innanfor dei rammene matjorda som omkransar byen gjev, og å skapa ein endå meir attraktiv by. Målet med planarbeidet er ikkje endra.

Fastsett planprogram slår fast at gjeldande sentrumsplan er eit godt og oppdatert styringsverktøy for utvikling av Bryne sentrum. Sidan sentrumsplanen vart vedtatt er det berre avdekka tre tema kor ein ser det er behov for revisjon, jf. planprogrammet. Dette gjeld; samordning av kommunedelplanen for Brynes sentrum 2015-2026 med kommuneplan for Time kommune 2018-2030, særleg når det gjeld handtering av overvatn, vurderer behovet for å justera krav til parkering, og å vurderer konsekvensar av prinsippaker etter at sentrumsplanen vart godkjent.

I tillegg er det gjort endringar av meir teknisk art. Der det er aktuelt har endringar på grunn av nyleg vedtekne reguleringsplanar vorte innarbeidd i planforslaget. Arbeid med reguleringsplanar og byggesaker har vist behov for tydeleggjeringar av enkelte føresegner. Ny tekst i forhold til høyringsutkastet er i plandokument og føresegner vist med rødt skrift.

Handlingsprogrammet er oppdatert og vil vera ein del av grunnlaget for utarbeiding av komande økonomiplanar. I økonomiplanane vil det verta omtala korleis handlingsprogrammet vert følgt opp gjennom konkrete tiltak.

Ordførar

Kommunedirektør

1. Formålet med planen

«Planlegging skal bygge opp om eksisterende kvaliteter og muligheter og samtidig redusere virkningen av negative trekk. Bryne har mange kvaliteter og et stort potensial for videreutvikling, men også mange utfordringer» (Norconsult, byplankonsept Bryne sentrum august 2014).

Den heilskaplege byutviklingsstrategien i planen handlar både om by- og senterstrukturen, og funksjonane bysenteret skal leggja til rette for. Det er eit mål å utnytta areala ved kollektivknutepunkt og i sentrum betre enn i dag. Dette vil styrka sentrum, redusera transportbehov og klimagassutslepp, og er viktig for å ivareta jordvern og fremja folkehelse.

Det overordna temaet for planen 2015-2026 var : Regionsenteret Bryne - byen på Jæren

- Korleis vil me utvikla byen på Jæren, med tanke på at byen i 2025 vil ha opp mot 15 000 innbyggjarar, og vera regionalt bysenter for omkring 75 000 innbyggjarar?
- Korleis kan me skapa ein by som er god å bu i, opphalda seg i, besøka og driva næring i?

Auken i folketalet har dei siste åra vore lågare enn ein forventa i 2014. Ein ventar no at folketalet på 15 000 vert nådd etter planperioden. Dette endrar ikkje på nødvendige føringar for å skapa ein god by.

Kommunedelplanen for Bryne sentrum 2024-2035 vert i dette dokumentet omtala som «sentrumsplanen». Planen bygger delvis på byplankonseptet som Norconsult har utarbeidd for Time kommune.

Sentrumsplanen skal vera reiskap for å vega interesser mot kvarandre, og samordna mellom ulike sektorinteresser. Planen skal også sikra at synspunkt kjem inn og vert vurderte, og at konklusjonar vert utarbeidde på ein heilskapleg måte.

Planen vert juridisk bindande for arealbruksforvaltinga innanfor planområdet, og skal vera eit verktøy for offentlege og private sentrumsaktørar.

Kommunedelplanen viser området meir detaljert enn kommuneplanen for Time, gjev meir detaljerte og utfyllande føresegner og retningslinjer, og er tilpassa utfordringane, funksjonane og målsettingane for Bryne sentrum.

Kommunedelplanen skal gjennom tekst, plankart, temakart, føresegner, retningslinjer og handlingsprogram visa korleis ein skal oppnå ønska struktur i Bryne sentrum. Planen vil gje føringar for struktur når heile eller delar av kvartal vert transformerte. Føresegner og retningslinjer viser korleis kvartalet skal vera når det er ferdig utbygd. Den ytre grensa/gateløpet og gardsromma innanfor byggeområdet vert førande.


Plandokumentet saman med oppdaterte føresegner og retningslinjer, plankart, temakart og handlingsprogram utgjer til saman Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035.

2. Utviklingstrekk

Auken i folketalet har dei siste åra variert mykje. I 2022 hadde Time kommune ein auke i folketalet på 2,2 % medan han var 0,6 % i 2019.

Prognosane frå august 2023 viser at innbyggartalet i kommunen i perioden 2024-2035 truleg vil auka frå om lag 20 000 i 2023 til rundt 23 000 i 2035. Dette svarar til ein årleg vekst på 1,5 %.

Det er venta at om lag 57 % av innbyggjarane i kommunen vil bu på Bryne, slik at det i 2035 vert nærare 13 000 innbyggjarar i byen. I tillegg er Bryne nærsenter for befolkninga på Tjøtta i Klepp kommune. Her er det også planlagt ei stor utbygging i planperioden.



Bryne er handels-, service- og skulesenter for Time, Klepp og Hå. Det er forventat at Bryne kjem til å vera regionalt bysenter for om lag 65 000 innbyggjarar i denne regionen i 2035. Dette vil føra til ein vekst i folketalet på 17 % frå 2015.

I Time auka talet på einpersonsfamiliar og familiar utan barn i perioden 2010-2023 med 44 %, frå 3491 til 5035 hushaldingar. I same perioden auka talet på hushald med barn med 13 %, frå 2139 til 2424. I perioden 2005-2014 var auken her 18%.

Mot slutten av 2020 var det 1387 hushald med i alt 2131 personar som budde i ein blokkleilegheit. Det er først og fremst dei eldre frå 67 år og eldre som bur i blokkleilegheit i sentrum av Bryne, medan eineforeldre og par med barn under 17 år bur meir spreidd over heile Bryne.

Ei grov utrekning viser at det med den venta folkeveksten i Bryne og Rosseland skulekrinsar, vil vera eit behov for 750 bueiningar her i planperioden¹. Ein betydeleg del av desse vil kunna verta etablerte innanfor sentrumsområdet.

Etter at sentrumsplanen 2015-2026 vart godkjent i 2016, har det innanfor området til sentrumsplanen, vorte godkjent elleve reguleringsplanar. Alle desse planane omfattar blokkleilegheiter. Berre eitt av prosjekta, med 32 bueiningar, er bygde. Dei ti planane som er att i sentrumsplanområdet, har ein bustadreserve på om lag 400 bustadar. Nokre utbyggarar vurderer å endra dei godkjente planane. Det er viktig at dette potensialet vert realisert.



«Solhøgda» bak Jæren hotell - ferdig bygd 2020

¹ Berekingar gjort i KOMPAS – i gjennomsnitt 2 personar/bueining.

3. Visjon

Bryne – byen på Jæren

Regionsenteret Bryne er drivkraft for næring, læring og kultur

Visjonen for Bryne sentrum vart vedtatt av formannskapet i 2014, og stadfestar at Bryne er byen på Jæren. Som stasjonsby har Bryne lenge vore knutepunkt og handelssentrum for regionen. Bryne har eit godt grunnlag for å kunna vera ein attraktiv og kompakt by i framtida, ved å ta vare på bykvalitetar og utvikla sentrumsfunksjonar som er viktige for regionen.

Visjonen bygger på tre pælar som har vore viktige i Bryne si historie, og som byen skal basera framtida si på.

Bryne er omkransa av nasjonalt viktig matjord. Byen sine tradisjonar og framtidige vekst heng saman med korleis me brukar og tar omsyn til denne ressursen. Det tradisjonelle næringslivet knytt til landbruk og industri står framleis sterkt, samtidig som det legg grunnlag for innovasjon og ny teknologi.

Bryne har lange tradisjonar som lærings- og skulesenter. Dette vert vidareført gjennom etableringa av nye Bryne vidaregåande skule. Kvaliteten på undervisninga i grunnskulen og på skulebygga er høgt prioriterte i kommunen.

Kommunen har tradisjonar for eit rikt og mangfaldig kulturliv i samspelet mellom offentlege verksemder, næringsliv og frivillige organisasjonar. Bryne som by er sentrum for nasjonale og regionale kulturinstitusjonar som Nasjonalt Garborgsenter og Storstova, som saman med Bryne Mølle utgjer Jæren sitt regionale kulturhus. I tillegg vert det arrangert ulike festivalar og arrangement som Jærdagen, Jærnåttå, Ranglerock, Livsgledefestivalen og Garborgdagar med fleire. Time bibliotek har også eit breitt kulturtilbod for dei som bur i og besøker byen.

Bryne sin identitet ligg i samspelet mellom næring, læring og kultur.



Bryne vgs

4. Plantema

Byform, byggehøgder og bykvalitet

Bryne i framtida: Ein god, urban og kompakt by


Bryne si byform er danna av høgdene Brynehaugen og Geitahodnet og elverommet Bryneåna. Bryne har utvikla seg rundt jernbanen med tyngdepunkt langs elva. Busetnaden er organisert etter ulike prinsipp. Kvartalsstrukturen, slik han vart regulert på slutten av 1920-talet, har gjeve Bryne sin bystruktur saman med elverommet, gamle ferdselsårer og jernbanen. Bryne har over tid utvikla seg frå ein tettstad med to til tre etasjars trehusbusetnad, til å vera ein by i utvikling og med meir høgde. Sentrum har vore i ein kontinuerleg omdanningsprosess, og vil framleis vera det. Framtidig utbygging i Bryne sentrum skal bidra til ei heilskapleg og hensiktsmessig byutvikling, som gjev ein by som er god å bu, arbeida, besøka og driva næring i.

Ein god by har eit levande sentrum med arbeidsplassar, bumiljø, butikkar og kollektivknutepunkt og god tilkomst. I byen finst ulike offentlege og private tenester som innbyggjarane har behov for. I tillegg, og meir enn før, ønsker ein at ein kan oppleva noko i sentrum, og ein er meir oppteken av kvalitet enn før. Dette stiller større krav til utvikling av Bryne sentrum enn me tidlegare kanskje var klar over.

Det offentlege rommet, byrommet, skal vera scene for det gode livet i byen. Byrommet vert danna av vegar, plassar, grønstruktur og knutepunkt, og heng derfor tett saman med den utbygde strukturen. Attraktive byrom har kvalitet og variert utforming. Dei viktigaste byromma i Bryne sentrum er viste på temakart nr 1 «Viktige byrom» .

Kvartalsstrukturar gjev gode og «lesbare» byar med attraktive urbane senter. I byar med tydeleg struktur, veit ein om ein er i eit offentleg rom som kan brukast av alle, eller om ein er i eit privat rom som høyrer til dei som bur i kvartalet eller bustadfeltet. Nye utbyggingsprosjekt bør derfor bygga opp om bystrukturen og bidra til å auka kvaliteten og aktiviteten i dei offentlege romma i byen. Det er derfor avgjerande at kvartalsstrukturen vert tatt vare på og forsterka.

Det finst ulike variantar av kvartalsstruktur. For Bryne vil følgande variantar vera mest aktuelle å bygga vidare på: kompakt busetnad, karrébusetnad, opne kvartal og opne kvartal med frittståande bygg.



Figur 1: Ulike kvartalsstruktur

Ved val av kvartalsstruktur tar ein omsyn til mellom anna:

- Verdi av busetnaden ein har i dag for Bryne sin identitet inkludert eventuelle verneverdige bygningar eller bygningsmiljø (kyrkje, bygg med historisk eller høg arkitektonisk kvalitet med meir)
- Korleis kvartalet ligg i forhold til viktige grøntdrag og møteplassar
- Korleis kvartalet ligg i forhold til viktige vegar og annan infrastruktur.

Temakart nr 2 «Kvartalsstruktur og kvartalstypologi» viser kva område i Bryne som skal ha kvartalsstruktur og kva variant som er valt for kvart enkelt kvartal.

For å unngå skyggelagde gater, gater som vert til vindtunnelar og for å skapa gode byrom som gjev ei god oppleving, bør gesimshøgda på bygningar og gatebreidda stå i forhold til kvarandre. Gatebreiddene i Bryne sentrum er i all hovudsak 12,5 meter. Det gjer at det dei fleste plassar kan byggast bygg med maks høgde på 14 meter og der den øvste etasjen skal vera inntrekt. Dette samsvarar ofte med tre etasjar og ei såkalla 3,5 etasje. For å tydeleggjera at det er maks høgder som er førande, har føresegnene og temakart nå berre maks høgder. Dei retningsgjevande tala på etasjar er tatt ut. Nokre plassar vil vegbreidder, infrastruktur, grøntdrag og/eller møteplassar kunne tillata bygg med høgder inntil 17 til 26 meter. Nokre utvalde plassar legg planen til rette for etablering av høghus.

Maks gesims- og mønehøgde tar utgangspunkt i næring i første etasje (4-4,5 meters etasjehøgde) og elles bustadformål (3-3,5 meters etasjehøgde). Andre etasjehøgder må løysast innanfor maks tillaten byggehøgde. Maks tillaten byggehøgde per kvartal er vist på temakart nr. 3 «Høgder på bygg» .

I den vidare utviklinga av kvartalet må nye prosjekt mellom anna visa korleis dei stiller seg til:


- formålet med kvartalet
- byromma
- eventuelle bevaringsverdige bygningar
- byggehøgder
- utnytting og form av kvartalet sitt indre rom
- solforhold

Når sentrumskjernen vert meir pressa, er det krevjande å sikra solrike offentlege byrom og skaffa nok areal til uteopphald av god kvalitet til kvar bustad. Sentrum har utvikla seg i byen si nordhelling, og saman med mellom anna gjevne vegbreidder og kvartal i Bryne sentrum, legg dette premissar for vidare utvikling. Vidareutvikling av byen til ein kompakt by med høg arealutnytting, utfordrar i fleire prosjekt krava om bukvalitet, jamfør gjeldande Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke. Sentrumsplanen legg til rette for at i utgangspunktet alle kvartal skal ha felles uteareal. Samtidig vert det i større grad enn før lagt opp til at felles areal til opphald kan leggjast til byparkar og anna areal til opphald (torg/gater/gatetun) i staden for berre til eige prosjekt. Ein føresetnad her er at byggehøgder og andre kvalitetskrav ikkje vert overstigene, og at alle bueiningar har solrikt privat areal til opphald (balkongar eller tilsvarende).

Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke har krav om 30 m² minste felles uteopphaldsareal (MFUA) per bustadeining, og at 50 % av dette arealet skal ha sol 21. mars kl.15.

Med dei byggehøgdenes som er sette, jf. temakart nr 3 «Høgder på bygg», vil ein få akseptable lysforhold i byromma. Krav om MFUA per bustadeining og krav om solforhold, jamfør Regionalplan for Jæren 2013-2040, vil likevel ikkje i alle tilfelle kunna verta følgde opp.

I eit urbant sentrum vil det ikkje alle stadar vera ønskeleg at det vert etablert minste felles uteopphaldsareal på 30 m². Rundt Storgata og andre område for detaljhandel kan det verken vera mogleg eller ønskeleg med etablering av alt felles uteopphaldsareal på eiga tomt. Vidare vil det særleg i kvartala i det eldste og mest kompakte handelssentrum heller ikkje vera realistisk å krevja at kvar bueining skal ha krav om 30 m² MFUA. I desse områda vert det krav om 16 m² per bueining. Kvartala kor kravet om 16 m² MFUA per bueining gjeld, er viste på temakart nr 4 «Område med ulike krav om Minste felles uteopphaldsareal (MFUA) og prinsipp for berekning av MFUA».



Figur 2: Område med krav om 16 m² og 30 m² MFUA/bueining

Kommunen har innført ei fritaksordning for prosjekt som ligg innfor området med krav om 16m² minste felles uteopphaldsareal pr bueining. Forma til kvartalet, med maksimalt tillatne byggehøgder, ligg fast, jamfør temakart nr 3 «Høgder på bygg». Saman med prinsipp for utrekning av MFUA, jamfør temakart nr 4, og bukvalitetskrava i føresegnene i kapittel 9 vil ein kunna rekna seg fram til arealet MFUA ein kan få fritak for. Fritaksordninga baserer seg på bruk av utbyggingsavtalar. Pris per kvadratmeter vert årleg vedtatt av kommunestyret.

Kriterier for vurdering av soneinndelinga er at areal som skal utvidast eller oppgraderast har kort avstand til bustadane (maks 150 m), og at det er trygg veg dit. Totalt frikjøp vert berre tillate i spesielle tilfelle. Temakart nr 5 «Soneinndeling fritaksordning MFUA» viser sonene der fritaksordninga skal bidra til utviding og oppgradering av opphaldsareal og leikeplassar i dei ulike sonene. Sidan Storgata som gågate vil verta eit viktig byrom med opphaldskvalitet, er Storgata og tilliggande del av Reevegen lagt inn i sone 1.

Planen opnar for at i tillegg til for minste felles utopphaldsareal, kan fritaksordninga også verta brukt for manglande areal til leikeplass.

Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke har ulike krav når det gjeld kvartalsleikeplassar, alt etter kor mange bustadar som vert bygde. Prosjekt med 25 bustadar eller fleire skal ha ein områdeleikeplass på 1500 m², medan prosjekt med 4-25 bustadar har krav om en 'møteplass for alle' på 150 m². Desse krava gjer at ein ikkje alltid oppnår optimal arealutnytting. Det er derfor tatt inn i planen at ein kan sikra nok kvartalsleik ved å utvida leikearealet med 6 m² for kvar bustad utover 25. Fritaksordninga kan verta nytta dersom det er tilgjengeleg offentleg leikeareal med kvartalsleikfunksjonar, med trafiksikker tilkomst, nærare enn 200 meter frå planområdet.

Høghus

Sentrumsområdet med ein kvartalsstruktur og tre til fire etasjars høgd vil kunna dekkja bustadbehovet i planperioden. Det er likevel usikkert om tilstrekkeleg potensiale vert utløyst i planperioden. Det har så langt vore lite interesse for å bygga høghus, men konsekvensutgreinga viser at det på visse vilkår er mogleg. Høghus er svært synlege og dei skal derfor vera av høg arkitektonisk kvalitet.

Forum Jæren er Bryne sitt signalbygg, og viser kor sentrum er. Nye høghus skal underordna seg Forum Jæren, og av den grunn ikkje vera høgare enn 2/3 del av høgda til Forum Jæren, det vil seia ei maks kotehøgd på 75m. Nye høghus skal forsterka sentrale linjeførande element i byen, som Arne Garborgs veg og Jernbanegata, og forsterka inngangen til sentrum eller andre viktige stadar. Moglege lokaliseringar for dei fire høghusa sentrumsplanen opnar for er viste på plankartet.





Figur 3: I dei med tal markerte områda kan det oppførast eit høghus med maks høgd på kote + 75m.

Opplevingskvalitet

Dersom ein ønsker å oppretthalda og utvikla urbane kvalitetar samtidig som ein skal fortetta, er det avgjerande å leggja til rette for god kontakt med bakkeplanet.

Dei aller fleste kvartala må utformast slik at kommunikasjonen mellom bygg og byrom vert styrkt eller oppretthalden. Aktive og opne fasadar og kvaliteten på desse, er viktige bidrag til opplevingar i sentrum. Det er forskjell mellom opne og aktive fasadar. Opne fasadar kan vera vanlege vindauger til bustadar som bidreg til at bygningar vert meir tiltalande, og viser at det er liv bak fasadane. Aktive fasadar er opne fasadar som samtidig viser at det er aktivitet i bygningen, for eksempel detaljhandel og tenesteyting. I byrom med aktive fasadar skal verksemder i første etasje ha inngang direkte frå gateplan. Vindauga til verksemder i første etasje skal ha utstillingar eller vera opne for innsyn. Fasadane skal vera opne mot gata.

Temakart nr 6 «Aktive og opne fasadar med forklaring» viser kor fasadane skal vera opne og/eller aktive.

	
<i>Aktive fasadar er fasadar som er knytte til sentrumsformål og har vindauger og inngangsparti. Vindauga bør vera opne for gjennomsyn slik at brukarane får oppleva aktiviteten bak desse. Aktive fasadar bør treffa bakkeplan og skal ikkje dekkast til.</i> <i>Innsyn, i kontor eller butikk, skal vera mogleg.</i> <i>Aktive fasadar</i>	<i>Opne fasadar er fasadar som har vindauger i første etasje. Fasaden vert meir levande og har ei klar orientering mot det offentlege rommet.</i> <i>Funksjonsorienterte fasadar som i hovudsak består av trappetårn og svalgongar bør ikkje tillatast i viktige byrom.</i> <i>Opne fasadar</i>

Figur 4: Forklaring aktive og opne fasadar

Estetikk

Nye bygningar og anlegg skal ha god estetisk utforming i samsvar med tiltaket sin funksjon, og vera i samspel med omgivnaden sin karakter og form. Det skal nyttast materiale av høg kvalitet. Byggehøgder og grad av utnytting skal i all hovudsak tilpassast eksisterande omgjevnadar, busetnaden og karakteren til strøket. Busetnaden skal ha ei heilskapleg form- og volumoppbygging som bidreg til å understreka og forsterka gate- eller byrommet. Alle

fasadar må utformast slik at dei vender seg ut mot gate- og byrom.

Brannveggar skal vera ein del av bygget sin heilskaplege arkitektoniske utforming. Store skjemmaende brannveggar er ikkje tillate. Hjørnebygningar skal ha ei utforming som gjev gode hjørneløysingar mot gate.

Ved planlegging og utføring skal det leggjast vekt på terrengtilpassing, slik at ein i størst mogleg grad unngår flatplanering og skjeringar. I skrått terreng skal bygning, der det er hensiktsmessig, ha underetasje eller avtrappast over fleire plan for å gje best mogleg terrengtilpassing.

Utforming av skilt er viktig for korleis folk opplever kvaliteten til byrommet. Skilt og reklameinnretningar skal ikkje vera eit dominerande element i byrommet og på bygget. Skilt og reklameinnretningar må ikkje påføre omgjevnadane støy eller sjenerande lys. Det skal utarbeidast rettleiing for faste reklameinnretningar, som kan nyttast der føresegner og retningslinjer ikkje er utfyllande.

Tryggleik

For å auka tryggleiken i dei offentlege byromma skal det leggjast vekt på å skapa fysiske løysingar som fremjar trivsel, tilgjenge og tryggleik for alle.

Ein tydeleg kvartalsstruktur med samanhengande fasadar som dannar gode byrom, vil også kunna gje auka tryggleik. Lyssetting og planting som sikrar god oversikt i byromma er viktig for tryggleiken.

Opne og aktive fasadar er også eit eksempel på fysiske grep som gjev auka tryggleik. Ved møblering av byrom er det viktig å ha fokus på at det skal vera enkelt å bevega seg og finna fram. Skilt og reklameinnretningar må ikkje hindra tilgjenge, trafikktryggleik eller viktige siktlinjer i byen.

Bukvalitet

Dei som skal bu i sentrum skal bu godt. Å bu i ein by inneber at ein vil ha andre kvalitetar enn når ein bur meir landleg. Fleire vil bu i leilegheiter enn i einebustadar eller rekkehus, og bustadane vert mindre. For å kompensera for dei kvalitetane ein hadde då ein budde meir landleg med større plass, må ein finna dei kvalitetane i felles løysingar som for eksempel i kvartala sine indre gardar, parkar og andre felles møtestadar, turområde, felles parkeringsanlegg eller liknande. Større byparkar vil kunna fungera betre enn fleire små uteopphaldsareal per kvartal spreidde over sentrum. Fleire turområde som er tilgjengelege for ulike brukargrupper er også eit viktig tilbod byen skal ha.

Kommunen har eit mål om eit variert bustadtilbod, samtidig som ei bymessig utvikling og fortetting av sentrum gjer at dei fleste nye bueiningane vil vera leilegheiter. For å sikra eit mangfald av innbyggjarar i byen er det viktig at leilegheitene har ulike størrelse og utforming. I bygningane kan det også leggjast til rette for kompensasjon for tap av privat areal ved å etablere felles areal i sjølve leilegheitskompleksa.

Slik vil me gjera det:

- Sikra eit variert bymiljø av høg kvalitet
- Stramma opp og utvikla kvartalsstrukturen vidare
- Sørge for at nye prosjekt held seg til bystrukturen (kvartalstypologi og byrom) og gjev kvalitet til byromma
- Bygga med ei høgd som gjev tilfredsstillande solforhold i byromma
- Definera dei offentlege og private byromma, og synleggjera det i utforminga
- Legga til rette for variasjon i bygningstype
- Sikra helsefremjande bumiljø med gode solforhold og private uteopphaldsareal, og avgrensa støy og innsyn
- Stilla krav til kvalitet i alle ledd mellom anna når det gjeld byggemateriale, vegdekke, grønt og gatemøblering
- Sikra tilkomst til bustadar, grøntområde og bygg og anlegg retta mot allmenne og kulturbaserte attraksjonar jamfør Fylkesdelplan for universell utforming.
- Følgja opp kor i byen det skal vera aktive og opne fasadar
- Samla felles uteopphaldsareal i større einingar som er eigna for formålet med omsyn til sol, støy, terreng, tilgjenge og trafikktryggleik.



Byrom – gater, grønstruktur og møteplassar

Bryne i framtida: Bryne er ein kompakt by som er god å veksa opp og bu i. Byen har varierte og tilgjengelege bustadområde og møteplassar med rom for mangfald.

For å skapa ein god by er det avgjerande å leggja til rette for ei byutvikling med gode byrom og gode areal til opphald. Å sikra urbane, opne og grønne rom er viktig for å ha eit levande og spennande sentrum. Areala mellom bygningane er det som danner byrom, og desse er saman med bygningane viktige for opplevinga av byen. Det er i dei offentleg tilgjengelege romma me ønsker å ha liv og aktivitet. Opne, ryddige og opplyste byrom med opne og aktive fasadar vert opplevde som trygge og bidreg til å førebygga kriminalitet.

Ulike typar busetnadsstrukturar er med på å danna ulike typar byrom. Kvartalsstrukturen ein har i Bryne sentrum bidreg til å danna gode byrom og møteplassar, og gjev «lesbare» offentlege rom. Denne strukturen ønsker me å styrka.

I byutviklinga må det tas omsyn til gatebreidda som har sitt grunnlag i den første byplanen. Det er breidda på gatene som i stor grad påverkar høgdene. Høgd har mykje å seia for om ein opplever byrom som smale, tronge og ubehagelege, eller om dei er trivelege å opphalda seg i. Kartlegging av byromma og vurdering av maksimale høgder som kan tillatast i desse byromma, har resultert i temakart 1 «Viktige byrom» og temakart 3 «Byggehøgder med prinsippsskisser».


I sentrum finst det ein del møteplassar. Det er viktig å sikra dei møteplassane me allereie har på Bryne, og etablera nye. Temakart nr 8 «Grønne byrom» viser eksisterande og framtidige offentlege fellesrom. Møteplassane er sentrale for at folk oppheld seg i byen vår og skapar liv og aktivitet.

Ved opparbeiding av plassar bør det tas omsyn til varierte aktivitetar for barn, vaksne og eldre, gjerne med ulik døgn- og sesongbruk.

Bygningar rundt møteplassar skal ta omsyn til:

- solforhold på møteplassane
- fysisk og visuell kontakt mellom vatnet og andre viktige stadar
- størrelsen på plassen

Slik det går fram av kartet under, har Bryne relativt mykje friområde totalt sett. Områda er særleg knytte til dei nyare bustadfelt i ytre kant av Bryne, for eksempel Eivindholen, Re og Brynehaugen. I tillegg er Sandtangen eit sentralt turområde for byen. Til saman er det om lag 960 dekar grønt- og turområde på Bryne når både eksisterande areal og areal under opparbeiding er tatt med. Ikkje alt eksisterande areal er per i dag tilgjengeleg. Med det innbyggartalet som i dag er på Bryne, er det etablert eller planlagt for om lag 100 m² grønt- eller turområde per person, inkludert areal som ikkje er tilgjengeleg. I dei eldre områda er det relativt lite grøntareal.



Det er behov for gode og større tilrettelagde leikeplassar og felles opphaldsareal ute i byromma, knytt opp mot skular og barnehagar. Dette vert forsterka når ein legg til rette for ytterlegare fortetting.

Byrom, leikeplassar og uteområde knytt til skular, barnehagar og idrettsplassar er viktige møteplassar i byen, og må utviklast slik at dei som bur i området kan møtast til uorganiserte og organiserte aktivitetar. Sentrum vil kunna styrkast endå meir om desse elementa vert sette i samanheng, og dannar eit heilskapleg nettverk av store og små møteplassar. Ei opparbeiding av større offentlege leike- og grøntområde i sentrum kan kompensera for mindre areal til uteopphald på kvartalsnivå. Kvaliteten og vedlikehaldet av desse romma vil i stor grad påverka attraktiviteten til sentrum. Sidan byen har fleire brukargrupper, bør møteplassane tilfredsstilla ulike behov og ha variasjon i utforminga.

Friluftsliv langs Bryneåna er sentrale byrom. Vasskvaliteten betyr mykje for korleis folk opplever områda. Områdeplanen for sentrum vest har tatt grep for å integrera skulpturparken og Bryneåna betre i sentrum. Den austre delen av parkdraget må også utviklast vidare til eit attraktivt opphaldsområde i byen.


For at Bryne torg skal vera ein sentral møteplass i sentrum, har tiltak som opnar og gjev meir kontakt ned mot vatnet og skulpturparken vore viktige. Torget må utviklast vidare som byrom og møteplass til bruk i ulike sesongar, og som arena for arrangement og festivalar i byen.



I dag er det to trinnfrie korridorar mellom Storgata og Lauritz Bellesens gate som er viktige for tilgjenge mellom Storgata og parkområdet.

Det finst etter måten få grøne turområde i sentrum. Temakart 9 «Ruter for mjuke trafikantar» syner korleis samband for gåande og syklande i og utanfor sentrum skal henga saman. Kartet syner to ulike satsingsområde: «vanlege samband» og «effektive hovudruter for syklande». Felles for begge er at fokuset i desse rutene skal vera mjuke trafikantar, og at alle rutene fører inn til sentrum og togstasjonen, hovudknutepunktet for kollektivtrafikken. Sambanda skal sikra at det er mogleg å bevega seg trygt frå dei ulike bustadområda rundt Bryne og Tjøtta og inn til Bryne sentrum.

Temakart 8 «Grøne byrom» viser at desse sambanda, i dei fleste tilfella, i tillegg skal få ei grøn oppleving. Desse rutene knyter også saman ulike parkar og rekreasjonsområde. Eksempel på slike ruter er dei tre merka «nærturane» i Bryne sentrum: Kolheia, Norheim og Sandtangen – Re.



Figur 6: Eksisterande nærturar og forslag til ny turtrasé i sentrum.

Det ligg eit stort potensiale i å utnytta Sandtangen-området betre. Samanbinding med Bryneåna og Fritz Røed skulpturpark må betrast. Inngangen til Sandtangen bør opnast opp, og det er lagt inn ein framtidig turtrasé frå Sandtangen-området i aust mot «Sivdamparken»/Haugabakken. Traséen er ikkje utan konflikt med fuglevernnet, men vert vurdert som viktig i eit folkehelseperspektiv. Ei hovudrute for syklistar via Vardheivegen vil kunna redusera konflikt med turgåande og anna aktivitet i Sandtangen.

Slik vil me gjera det:

- Sikra gode og tilgjengelege grøntområde og turmoglegheiter
- Arbeida aktivt for å betra vasskvaliteten i Mølledammen og Bryneåna
- Legga til rette for universelt utforma møteplassar
- Etablera fleire samanhengande samband, både for gåande og syklistar, og meir hurtig syklande syklistar
- Etablera nye og attraktive byrom, møteplassar, grøntområde og leikeplassar
- Vidareutvikla Torget til å verta ein attraktiv møteplass



Vern og vidareutvikling

Bryne i framtida: Utviklinga av Bryne sentrum skjer i samspel med kulturminne og kulturmiljø og gjev innbyggjarane trivsel, identitet og tilhøyre.

For samfunnet er kulturminne og kulturmiljø viktige kulturelle, sosiale, miljømessige og økonomiske ressursar. Hus og bygningar som har ei historie å fortella gjev karakter til ein stad.

Bysenter er ofte dei stadane der det er mest av byen si historie igjen. Historiske bygningar og bygningsmiljø bidreg til byen sin identitet. Gode koplingar mellom det historiske og moderne gjer byen attraktiv, og gjev byen særpreg og opplevingskvalitet. Tidlegare var kulturminnepolitikken retta mot enkeltobjekt, medan det i dag er større vekt på å ta vare på miljø knytt til kvardagsliv og lokalhistorie.

Bryne si tidslinje og historie, frå stasjonsby til eit veksande kommunesenter på Jæren, vert formidla visuelt gjennom det fysiske bygningsmiljøet og strukturen til byen. Dei fysiske spora frå fortida formidlar historie, og dannar rammene for liv og aktivitet i byen.

Høg vekst og rask utvikling skapar samtidig eit press på sentrumsnære areal, og bidrar til at historiske og identitetsskapande bygningar og bygningsmiljø forsvinn. Siste 20-årsperiode har ein tredjedel av den eldste busetnaden og karakterbygga på Bryne vorte rivne.

I arbeidet med å utvikla Bryne sentrum er det særeigne, og "røtene" til byen, eit grunnlag. Det unike og dei lokale kvalitetane sikrar at Bryne vert ein by med særpreg, og ikkje ein anonym plass. Framtidig vern må vurderast med utgangspunkt i kva kvalitetar ein ønsker å ta vare på for framtidige "Brynebuar".

Kommunen sin kulturminneplan 2008-2019 er innarbeidd i sentrumsplanen, slik at verdifulle bygningar og miljø knytt til Bryne sin identitet og historie vert sett i samanheng med ei heilskapleg by- og samfunnsutvikling. Dei verneverdige bygningane i planområdet er viste på temakart nr 10: «Bevaringsverdige bygg og anlegg». Kulturminneplanen er under revidering og vil, gjennom ei avgrensa revidering av sentrumsplanen, verta innarbeidd når han er vedtatt.

Bryne har dei siste 120 åra hatt eit kompakt og avgrensa sentrum. Ny utbygging og fortetting skal bygga vidare på kvartals- og gatestrukturen som vart etablert i byen sin første reguleringsplan i 1898, og vist i reguleringsplan frå 1914. Storgata sitt småskalapreg gjev gata ein intim karakter, noko som skal tas omsyn til i ombygging og i nye prosjekt.

Kommunen ønsker at nokre bygg og bygningsmiljø som er knytte til Bryne si handverk- og industrihistorie skal brukast aktivt som ressursar i byutviklinga. Derfor skal eit utval av viktige identitetsberande offentlege og private bygg i Bryne, for eksempel skular, forsamlingshus, industribygg, bustadhus og bygningsmiljø verta tekne vare på.

Områda som dannar inngangsportane til sentrumskjernen ved Bryne Mølle og Jernbanestasjonen, var viktige for byen sin framvekst i ulike periodar. Her er det ennå spor av tidlegare og nyare historie, knytt til industri, næring og skulesenter. Bryne var eit viktig skulesentrum på Jæren, og fekk første skulehus allereie i 1884. Skulehus «Solvang», også kjent som «1900-huset», som var det andre skulehuset i Bryne, vart regulert til omsynssone bevaring i plan «Bustader i Gamle Hognestadvegen og Jacob Bakars veg» (plan id. 0524.00). Andre sentrale bygg er Bryne skule frå 1929 og Rogalands landsgymnas frå 1924. Sistnemnde har hatt fleire kjente elevar, og vart regulert til omsynssone bevaring i områdeplan for skuleområdet ved Geidahodne (plan id. 0461.00).

Industriverksemd var i stor grad knytt til primærnæringa jordbruk. Eksempel på bygg frå industrien er Jæderen Ulvarefabrikk (Holmen), og det gamle meieriet, teikna av arkitekt Lars Krogseth. Meieriet opna i 1898, og vart etter kvart det største landsmeieriet i Norge. Det vart samtidig ein viktig utdanningsinstitusjon for kvinner, med meieriskule frå 1906 til 1970.



Holmen er eldste industribygg i stasjonsbyen, reist for «Jæderens Uldvarefabrik» i 1896. Bygget var i Serigstadvfamilien sitt eige som jordbruksreiskapsfabrikk og støyper i frå 1938 til det vart selt i 2004.

Storgata hadde både butikkar og bustadar. Det opphavelige gateløpet er behalde, og handlegata vert opplevd som ei bygate med småhusbusetnad i ein mosaikk frå ulike periodar. Trekantkvartalet ved torget består av bygg frå perioden 1918 til 1965. Kvartalet var eit knutepunkt for foredling og sal av mat, med for eksempel blomsterbutikk, slaktar, bakar, kolonialbutikk, møbelforretning og egghandlar. Bryne Mølle og kornmottak i vest er andre eksempel på industribygg. Området ligg tett på Smiå og Solhaug i Storgata, og saman dannar bygningane eit unikt miljø som fortel om både kvardagsliv og industrihistorie. Mellom anna for å gje plass til transformasjon i sentrum, vart Solhaug flytta inn i Smieparken, nord for Smia.

Kyrkja og bedehusa har vore viktige for jærbuen. Det vart reist fleire bedehus, med Saron på Bryne som det første på Jæren i 1878. Bryne kyrkje frå 1979 har ei sentral plassering aust for sentrum, og har glaskunst og altertavle laga av kunstnaren Per Odd Aarrestad. Aust for Arne Garborgs veg ligg også Solhøgda kor den eldste nåverande villabusetnaden på Bryne er tatt vare på. Busetnaden dannar eit heilskapleg og samla kulturmiljø, med frodige hagar og større verdifulle tre. Det er det einaste kvartalet som er intakt med villabusetnad frå 1900-talet, og har stor miljøverdi i tillegg til ein historisk og

arkitektonisk verdi. Flytting av bustaden «Elverøy» til Undheim og planlagt utbygging langs Parkvegen vil bidra til ønska, auka aktivitet i denne gata, men har redusert kvaliteten av kulturmiljøet noko.

Viktige bygningar og bygningsmiljø er saman med mellom anna vegstrukturen og grønstrukturen, faktorar som ligg til grunn i val av kvartalstypologi. Ved planarbeid og byggesaker skal temakart nr 10 «Bevaringsverdige bygg og anlegg» leggjast til grunn.

Det er viktig å finna ein god balanse mellom vern og framtidig fortetting, med fokus på fortetting, kontinuitet og kvalitet.



Bryne Mølle og Møllekjellaren ungdomshus

Slik vil me gjera det:

- Ta omsyn til viktige identitetsgjevande bygningar/bygningsmiljø ved val av kvartalstypologi
- Sikra eit godt samspel med eksisterande arkitektur og byrom ved utforming av nye byggverk inntil verneverdige bygningar og miljø, for eksempel formspråk, høgder, fargebruk, strukturar, volum, takform og materialbruk
- Ta omsyn til bygningsvern gjennom «omsynssoner bevaring kulturmiljø» med tilhøyrande føringar

Handel, næring og tenesteyting i sentrum

Bryne i framtida: Bryne sentrum er eit attraktivt regionsenter prega av handel, arbeidsplassar og aktivitet. Utvikling av byen skjer i samarbeid mellom kommune, næringsliv og utbyggarar.

Som regionsenter bør Bryne tilby fleire varer og tenester enn andre tettstadar på Jæren. For handel og tenesteyting der kundegrunnlaget er for lite i den enkelte kommune, skal det vera eit naturleg ønske å etablera seg i eit regionsenter. Kommunen skal bidra til å styrka handel- og serviceaktiviteten i sentrum gjennom fysisk planlegging og tilrettelegging. Det å skapa aktivitet i alle dei delane av sentrum der det skal vera handel og tenesteyting, er noko som kommunen, næringslivet og utbyggarane må samarbeida om.

Ved denne revideringa er, med unntak av tabellane eller andre fakta, avsnitta under ikkje oppdaterte. Ein skal vurdere om ein felles næringsstrategi for kommunane Hå, Klepp og Time viser behov for ein avgrensa revidering.

Bryne har posisjonert seg som det sterkaste vekstsenteret i Jærregionen. Regional handelsanalyse frå 2013 viser at Bryne hadde ein dekningsgrad² på 116 %, mens dekningsgraden i detaljhandelen i nabokommunane ligg mellom 68-84 %. Time kommune stod for 38 % av omsetninga på Sør-Jæren (inkludert Gjesdal). Kommunen vil arbeida for at dekningsgraden minst skal haldast på dagens nivå.

På grunn av usikkerheit om korleis handel og tenesteyting vil gå føre seg i framtida, er det relativt stor usikkerheit knytt til behovet for nytt areal til detaljhandel, viser regional handelsanalyse. Handelsanalysen tilrår å leggja eit middels høgt anslag på 15 000-20 000 m² til grunn. Innanfor det området som er definert som sentrumsformål i sentrumsplanen for 2007-2018, slår analysen fast at det er nok utviklingspotensial for å kunna dekkja dette behovet. Med vekstambisjonar og rolla som regionsenter for Jæren, vil ein leggja til rette for om lag 20 000-25 000 m² nytt handelsareal i planperioden.

Detaljhandelen på Bryne er med nokre få unntak lokalisert innanfor området med senterformål. I 2005 vart M44 etablert i den eine enden av Storgata, og handelstyngdepunktet flytta dit. Kjøpesenteret ønsker nå å ha høve til å utvida kjøpesenteret med inntil om lag 27 000 m² handelsareal.

Handel med plasskrevjande konsept er hensiktsmessig å leggja til eit regionsenter. Samtidig er det naturleg å leggja dei i randsona av sentrum, særleg i området vest for M44 mot fv.44.

² Faktisk omsetning i detaljhandelen per innb. i kommunen/teoretisk omsetning per innb. i kommunen dersom kommunen hadde hatt same omsetning per innbyggjar som fylkesgjennomsnittet * 100.

I motsett ende av Storgata, aust for jernbanen, er det etablert mange nye kontorarbeidsplassar i «Høguset». Storgata har mista nokre av butikkane sine, og treng ei revitalisering for å kunna vera ei aktiv og attraktiv bygate. Med etablering av Bryne kino på torget, samt andre etableringar på torget og i Storgata, er denne trenden i ferd med å snu. Opparbeiding av Storgata som gågate, vil truleg også gje ein positiv effekt.

Det er viktig å behalda eit mest mogleg kompakt område med sentrumsformål. Hovudfokus bør vera å nytta potensialet i eksisterande område. Samtidig bør det i nokre viktige og sentrale byrom leggst til rette for noko meir detaljhandel eller opplevingstilbod.

Tabellane under gjev ein oppdatert oversikt over bedrifter, arbeidsplassar og arbeidspending mellom kommunane:

Bedrifter i Time etter talet på tilsette pr. 31.12.23

	2019	2020	2021	2022
Ingen tilsette	1 252	1 340	1 403	1 445
1-4 tilsette	325	326	322	328
5-19 tilsette	252	243	252	263
20-49 tilsette	67	74	74	67
50-99 tilsette	17	16	21	26
100 tilsette og meir	8	9	10	8
Sum	1 921	2 008	2 082	2 137

Kjelde: SSB

Arbeidsplassar og pendling i Time pr. 31.12.

	2019	2020	2021	2022
Arbeider i kommunen	3 651	3 608	3 666	3 798
Arbeider utanfor kommunen:	6 305	6 391	6 637	6 697
-I same økonomiske region 1)	5 763	5 862	6 068	6 085
-Elles i Rogaland	131	146	142	133
-Utanfor Rogaland	411	383	427	479
Sum	9 956	9 999	10 303	10 495

Kjelde: SSB. 1) Kommunane Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes, Stavanger, Sola, Randaberg
Statistikkbrøt i 2015. Frå og med 2015 bygger statistikken på nye datakilder.

Sysselsette med arbeidsstad i Time etter bustad per 31.12.23

	2019	2020	2021	2022
Bur i kommunen	3 851	3 608	3 666	3 798
Bur utanfor kommunen	3 909	4 076	4 389	4 459
-I same økonomiske region	3 578	3 688	3 968	4 031
-Elles i Rogaland	172	159	150	162
-Utanfor Rogaland	159	229	271	266
Sum	7 560	7 684	8 055	8 257

1) Kommunane Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes, Stavanger, Sola, Randaberg
Kjelde: SSB

Over halvparten av dei som arbeider i kommunen pendlar frå andre kommunar. Innpendlinga frå Hå og Klepp er særleg stor. Av dei som bur i Time har ein av tre arbeidsstaden sin her. Arbeidspendlinga ut av Time aukar meir enn talet på sysselsette i kommunen. Det er eit mål at talet på arbeidsplassar i sentrum skal auka minst like mykje som folkeveksten i byen.

Eit sentrum med gode, attraktive møteplassar for ungdom vil vera viktig for Bryne vidaregåande skule si rekruttering av elevar og som ressurs for næringslivet.

Slik vil me gjera det:

- Marknadsføra Bryne som den attraktive byen på Jæren
- Skapa attraktive byrom nær arbeidsintensive bygg
- Etablera Storgata som gågate
- Legga til rette for nye næringsbygg med felles fasilitetar for arbeidsintensive verksemder nær jernbanestasjonen
- Legga til rette for detaljhandel inkludert verksemder med plasskrevjande konsept i området med senterformål
- Vera proaktiv i forhold til nyetableringar i sentrum
- Redusera arbeidspendlinga ved å stimulera til at det vert fleire arbeidsplassar på Bryne




Kultur, opplevingar og uteliv

Bryne i framtida: Bryne er eit regionalt kultursenter med kulturtilbod for ulike målgrupper. Dei offentlege romma i byen gjev gode opplevingar og vert brukte til kultur og uteliv.

Bysentra er som regel nesten aleine om å kunna tilby eit kvelds- og utemiljø med variert kultur- og underhaldningstilbod. I den levande byen er det derfor viktig å sikra byen sin døgnrytme, slik at sentrum vert opplevd som eit attraktivt og aktivt knutepunkt frå morgon til kveld, heile året.

Kombinasjonen av store kulturinstitusjonar og små møtepunkt og destinasjonar gjev eit mangfaldig kulturtilbod og eit levande sentrum. Planlegginga må ta utgangspunkt i kva som kan vera ein «god kulturby» for ulike innbyggjarar, potensielle tilflyttarar, turistar og andre tilreisande.



Figur 7: Kulturinstitusjonar og kulturelle møteplassar i Bryne sentrum

Kulturtilbodet i Bryne sentrum består av store offentlege og mindre private kulturinstitusjonar, og fleire temporære festivalar og arrangement i regi av både private og offentlege aktørar. Det går ein kulturakse gjennom sentrum, frå Bryne Mølle, via Bryne torg og Storstova opp til Nasjonalt Garborgsenter og Time bibliotek. På vegen frå vest til aust kan ein vandra gjennom Fritz Røed skulpturpark, som ligg idyllisk til ved elva som renn gjennom sentrum.

Det regionale kulturhuset Storstova er felles for dei tre jærkommunane. Bryne Mølle er ein viktig kulturarena, med utleigelokale, to kunstgalleri og Møllekjellaren ungdomsklubb.

Bryne kino flytta ut av Storstova og til nye og større lokale ved Bryne torg i 2018. Storstova vart eit reint kulturhus. Å etablera kinoen nær torget i sentrum har vore eit viktig byutviklingsgrep, og er med på å revitalisera sentrumsaksen mellom M44 og jernbanen, og til liv på torget.

Time kulturskule har ei viktig rolle i det lokale kulturlivet, og er eit breiddetilbod for barn og unge. Time bibliotek har vorte ein viktig møteplass i byen både for barn, unge, vaksne og nye innbyggjarar som for eksempel asylsøkarar og flyktningar.

I tillegg til desse offentlege institusjonane, har organisasjonen Kulturbanken dei siste åra etablert seg og utvida tilbodet sitt i sentrum, med fleire kulturaktivitetar for barn og unge, samt konsertscena 'Hvelvet scene'.

Bryne er i regionen mest kjent for dei større festivalane «Jærdagen/Jærnåttå», «Potetfestivalen», «Ranglerock» og «Livsgledefestivalen». I tillegg til desse er det fleire andre mindre festivalar og arrangement i Bryne.

Dei mest sentrale alternative byromma for eventuelle større utandørs arrangement er kartlagde. For denne planperioden vil Bryne torg vera den viktigaste festivalplassen. Torget som festivalplass er etablert i samarbeid mellom arrangørar og innbyggjarar, og vert opplevd som ein attraktiv stad å arrangera ulike konsertar og arrangement på. Kapasiteten vert vurdert å vera stor nok for dei store festivalane i åra framover. Torget skal også vera ein møteplass utanom dei store festivalane, og det vert lagt til rette for sesongavhengig bruk.

Eksisterande og nye idrettsanlegg, som Bryne storhall og framtidig ny symjehall, og aktiviteten knytt til desse, er viktige for byen og for dei som bur her. Bryne fotballklubb og Rosseland ballklubb engasjerer mange i byen, både utøvarar og publikum. Andre idrettsgreiner spelar også ei viktig rolle for mangfaldet og trivselen i byen. Kommuneplanen 2018-2030 viser ikkje lenger eit større framtidig idrettsområde på Tangen, like utanfor sentrum. Større idretts- og kulturarrangement skal finna stad innanfor sentrumsområdet eller i Sandtangen.

Slik vil me gjera det:

- Legga til rette for eit variert kulturtilbod for ulike målgrupper
- Utvikla kulturhuset som regional institusjon
- Auka kapasiteten på andre kulturarrangement
- Legga til rette for midlertidig bruk av byrom
- Legga til rette for å bruka bygatene som arena for kultur og festival



Foto: Stavanger Aftenblad, Fredrik Refvem

Samferdsel

Bryne i framtida: I Bryne sentrum er det lagt godt til rette for miljøvennleg transport og parkering. Dei korte avstandane gjer det lett å ta sentrum i bruk til fots og på sykkel, og bilen dominerer ikkje i bymiljøet. Med god frekvens gjer toget Bryne til eit knutepunkt for regionen og ein attraktiv stad å bu og arbeida.

Ein berekraftig by er ein kompakt by. Han har ein bystruktur der flest mogleg av servicefunksjonane, kollektivtilboda, arbeidsplassane, skulane og møtestadane for fritids- og kulturaktivitetar er lokaliserte samla, slik at ein kan nå dei til fots eller med sykkel. Alt ligg til rette for ei slik utvikling i Bryne sentrum.



Figur 8: Radius frå sentrumskjerne som er i gangavstand og i sykkelavstand

Bryne er ein stasjonsby, med Jærbanen som ryggrada i kollektivtrafikken. Med stasjonen midt i sentrum, og matebuss frå Lye, har toga godt belegg med halvtimesfrekvens.

For å få på plass eit dobbeltspor med kvarterers frekvens, vert det arbeidd med ein kommunedelplan for Sørlandsbanen, strekning Sandnes-Nærbø. Forslag til kommunedelplanen har vore på høyring, men er enda ikkje godkjent. Planforslaget er i all hovudsak innarbeidd uendra i plankart og føresegnene. Når kommunedelplanen for dobbeltsporet vert vedtatt etter sentrumsplanen, vil førstnemnde verta gjeldande.

Matebusstilbodet frå og til Lye er forbetra. Ved å leggja infrastrukturen for kollektivreisande, gåande og syklande betre til rette, vil kommunen stimulera til auka bruk av kollektivtilboda. Det vil også vera viktig å tilpassa kollektivhaldeplassane til universell utforming.



Utbyggingspakke Jæren (bompengepakka for Jæren), vart lokalpolitisk behandla i 2019 og stemt ned. Fleire ønska infrastrukturinvesteringar på Bryne manglar dermed finansiering.

Trafikksystem


Den venta folketalsveksten vil auka presset på trafikksystemet i og rundt Bryne. I tillegg vil aukande busetnad i dei nærliggande tettstadane og kommunane vera med å gje ytterlegare press. Det at Bryne er handelssenter for Sør-Jæren forsterkar dette. Det er ei betydeleg inn- og utpendling. Dei siste fem åra har talet på bilar i kommunen auka frå om lag 5 000 personbilar i 2015 til vel 5 300 personbilar per 10 000 innbyggjar i 2022.

Trafikkteljingar utførte fleire plassar på Bryne i juni og september 2014, viser at trafikkmengda er betydeleg høgare enn dei modellbaserte tala ein tidlegare har tatt utgangspunkt i. Nyare utgreiingar gjort dei siste åra, støttar opp under teljingane. Kommunen ønsker å stimulera til redusert bilbruk. Samtidig må det erkjennast at det i fleire område utanfor Bryne vil vera lenge til ein kan få eit godt gang-, sykkel- og kollektivtilbod. For reisande til Bryne som regionsenter må det reknast med at bilen ei god stund framover vil vera eit viktig transportmiddel.

I sentrumsplanen er både å betra gang-/sykkelvegar og styring av bilar utanom sentrum viktige tiltak for å redusera bilbruken i sentrum. Gjennomgåande er gatene i Bryne sentrum for smale til å leggja til rette for både gåande, syklande, kollektivtransport og biltrafikk. Det

er derfor viktig å setta av tilstrekkeleg areal, spesielt i hovudgata Arne Garborgs veg og Jernbanegata. Arne Garborgs veg har tilstrekkeleg breidd, medan Jernbanegata får moglegheit å verta utvida med frå 12,5 breidde til om lag 16-17 meter, jamfør høyringsutkast til Kommunedelplan for Sørlandsbanen (dobbeltsporet Sandnes-Nærbø). Jernbanegata er fylkesveg og eventuelle tiltak må verta avklart med Rogaland fylkeskommune.


Temakart nr. 9 «Ruter for myke trafikantar» viser hovudruter som er viktige med tanke på ein betre tilrettelegging for 'effektive' syklistar. Her er det nødvendig med nokre, i fleire av tilfella, enkle tiltak.



Figur 9: Eksisterande og planlagte sykkelruter på Bryne. Det er delt inn i hovudruter (meir effektive ruter) og samband for øvreg. Jf. temakart 9

Utforming og prioritering er vist i forslag til gatebruksplanen, som er ein sentral plan for tiltak i handlingsdelen til sentrumsplanen. Gatebruksplanen og temakart nr. 9 «Ruter for myke trafikantar» heng tett saman med kvarandre.

Trafikkanalysane som kommunen gjennomførte i 2014, syner at det særleg er to kryss som skapar utfordringar for trafikkavvikling i og rundt sentrum. Krysset fv. 44/fv. 506 (nr 2) (Arne Garborgs veg) og krysset fv. 506/fv. 215 (nr 7) (Jernbanegata) er dei som har størst utfordringar med ein trafikk som i dag er over kapasiteten.



Figur 10: Trafikkteljinger fleire plassar på Bryne – timestrafikk

Felles for begge kryssa er at dei er på fylkesvegar, og det er nå Rogaland fylkeskommune som er vegstyresmakt. Statens vegvesen har tidlegare opna for at det kan gjerast kommunalt initierte tiltak på fv. 506 og Jernbanegata/Fv. 4380 (tidl. Fv. 215). Dei andre vegane og kryssa i Bryne sentrum vil tåla ein vesentleg auke.

Kommunen vart i trafikkanalysen tilrådd å styra trafikstraumen, som i dag i stor grad går gjennom sentrum, mot Fv. 4444 (tidl. Fv. 223) og Fv. 44, slik det går fram av illustrasjonen.



Figur 11: Trafikk frå sentrum bør styrast mot Fv. 223 Brøytvegen og Fv. 44. Raude piler syner kor ein ønskjer å redusera gjennomkjøring, mens grøne piler syner kor ein ønskjer å styra trafikstraumane.

Krysset Jernbanegata/Arne Garborgs veg er eit av dei mest trafikkerte kryssa i Bryne sentrum. Trafikk i svingbevegelsar i maks-timane er på same nivå som på Fv. 44. Samtidig

er det svært god kapasitet på Orrevegen. For å redusera trafikkstraumen gjennom dette krysset skal det, i samarbeid med dei aktuelle partane, greiast ut om Jernbanegata kan verta einvegskøyrt sørover, anten frå Arne Garborgs veg eller frå krysset Meierigata/Jernbanegata. Dette må sjåast i samanheng med bystrukturen, etablering av Bryne stasjon som kollektivknutepunkt og gatebruksplanen. I denne samanhengen vil det også kunna verta vurdert om Hetlandsgata kan verta einvegskøyrt nordover.

På Fv. 506 (Arne Garborgs veg) kjem ein del av kapasitetsproblema som følge av kø frå Fv. 44. På generelt nivå er det kapasitetsreserve på Fv. 506. Dette føreset at Fv. 44 får betre kapasitet.

Trafikkutgreiinga gjort i forbindelse med planen om å utvida kjøpesenter M44, viser at fv. 44 i dag har dobbelt så mykje trafikk som det vegen er dimensjonert for. Det er problem med kø i dag. Utviding av kjøpesenteret vil gje noko trafikkauke, men ein legg her til grunn at auken er avgrensa sidan tal parkeringsplassar ikkje vil auka vesentleg. Utgreiingane viser også at ny rundkøyring i Arne Garborgs veg, akseptert i ein prinsipp-sak mars 2022, vil hjelpa på trafikkutfordringane. Ny rundkøyring er med omsynssone «bandlegging» vist i plankartet. For å få ein god trafikkavvikling på Fv. 44 vil det vera nødvendig med utviding til fire felt over eit lengre strekk. Utviding av rundkøyring i Fv. 44/Arne Garborgs veg vil også vera naudsynt.

Ein har ikkje målt, men ein har fått inntrykk av at bruken av Brøytvegen har vorte betre. Han har derimot framleis potensial for å nå den ønska effekten som omkøyringsveg. Brøytvegen tar ny trafikk frå næringsområde og eksisterande og nye bustadområde. Ny rundkøyring ved krysset Garborgvegen/Arne Garborgs veg («1900-krysset») er forventa å gje ein positiv effekt.

Dette vil også gje betre miljø og tryggleik knytt til sentrale gangtraséar og kollektivknutepunktet i Bryne.

Parkering

Folkevekst vil kunna bety eit auka behov for parkeringsplassar. Gjennom å redusera krava til parkering, og tilgangen på parkering, noko, vil kommunen stimulera til mindre vekst i biltrafikken.

Planen om eit felles parkeringsanlegg under Geitahodne vart skrinlagd i 2020. Felles parkeringsløyisingar ved M44 og under området til Bryne FK har heller ikkje vist seg å vera mogleg.

Å gjera om Storgata til gågate vil redusera tal på parkeringsplassar i sentrum. På sikt vil også parkeringsplassane i sidegatene kunna verta vurdert fjerna. Dette vil kunna føra til tap av om lag 30 plassar. Planen legg difor til rette for eit parkeringsanlegg med krav om minimum dagens 60 pluss 30 nye offentleg tilgjengelege parkeringsplassar, vest for Storstova ('kinoplassen'). Eit anlegg her vil kunna kompensera for tap av parkeringsplassane i sentrum. Ideelt sett burde dette parkeringsanlegget vore etablert

samstundes med at Storgata vert gågate

Å etablera eit parkeringsanlegg er kostbart. Det er difor viktig at det er ein viss avstand til kjøpesenteret, der parkeringsplassane er gratis.

Eit parkeringsanlegg på 'kinoplassen' (område S40) vil også kunna bidra til reduksjon av gjennom-køyringstrafikk i Arne Garborgs veg mot vest, samt Jernbanegata.

Eit anlegg vert vidare vurdert å vera lokalisert på strategisk rett plass med tanke på eventuelt behov kommunen sjølv kan få i framtida. Her kan ein tenke på til dømes utviding av sjukeheimen med meir.

Det vert innført differensierte krav til parkering for bustader og næringsverksemdar ut frå kor desse ligg i sentrum, slik det er vist på temakart nr. 12 «Soneinndeling krav til parkering». Det vert skilt mellom ei indre og ei ytre sone.

For kommunen handlar parkering vidare om trafikkregulering, byutvikling og tilrettelegging. Økonomi er ikkje motivet for å driva kommunal parkeringsverksemd i Bryne sentrum. Parkering er ei frivillig oppgåve for kommunen, som etter søknad vert delegert frå Vegdirektoratet.

Målsettinga for den kommunale parkeringsverksemda er:

- Leggja til rette for parkeringstilbod ved Storstova
- Redusera biltrafikk og «leitekøyring» i sentrumskjernen
- Sikra tilgjenge for prioriterte brukargrupper
- Sikra framkomme for alle trafikantar, men særleg for utrykkingskøyretøy, forflyttingshemma, gåande og syklende
- Bidra til auka trafikktryggleik
- Bidra til redusert støy og forureining frå biltrafikken
- Stimulera og vitalisera handel, service og kultur i sentrum

For å nå målsetjingane om å avgrensa biltrafikken i sentrum, redusera støy og forureining og stimulera til auka handel, er det innført tre «parkeringssoner» med ulikt avgiftsregime: 2 soner med progressiv avgift, kor av ei sone med mål om maks 85% belegg, og ei sone kor parkering er forbode utanfor merka plassar-

Slik vil me gjera det:

- Definerer kva funksjon vegar, gater og gang- og sykkelvegar skal ha i byen gjennom ein gatebruksplan for Bryne
- Etablerer sykkelfelt på effektive ruter til sentrum, t.d. i Jernbanegata og særleg strekning Hetlandsgata, og kollektivknutepunktet, jf. handlingsprogrammet
- Sikra og utvikla lokale sykkelmoglegheiter i nærmiljøet som supplement til hovudnettet
- Planleggja for tilstrekkeleg sykkelparkering ved kollektivknutepunkt og andre viktige målpunkt
- Styrkja Bryne stasjon som kollektivknutepunkt, og arbeida for saumlaus overgang

mellom tog/matebuss/drosjer/parkering. Vurdera einvegskøyning sørover i Jernbanegata, med eventuelt einvegs køyning nordover i Hetlandsgata, jf. tiltak i handlingsprogrammet

- Planleggja for fellesanlegg for bilparkering ved Storstova
- Sikra god framkome for alle brukargrupper
- Systematisk måling av type køyretøy og tal på fleire faste målepunkt ved hjelp av ny sensorteknologi. Dette for å kunna måla utvikling over tid



Klima og miljø

Bryne i framtida: Bryne er ein by med smarte løysingar, lågt energiforbruk og lite klimagassutslepp. Det er god beredskap for flaum og andre verknader av klimaendringane.

Klima- og miljøplanen vart revidert i 2023 (tidlegare Energi- og klimaplan). Planen har meir fokus på miljø enn føre plan. Tema «Naturmangfald» vert tatt inn på eit seinare tidspunkt. I planen er det sett eit kommunalt klimamål om reduksjon av klimagassutslepp med 55 % fram mot 2030. Biologiske utslepp frå jordbruk er ikkje inkludert i målet. Framskriving av klimagassutslepp i Time kommune visar at målet ikkje vil verta nådd utan ein sterk intensivering av tiltak. Klimatilpassing er inkludert i ny klima- og miljøplan.

Dei mest relevante områda knytt til klima miljø og energi er:

- arealplanlegging og transport
- bygg og anlegg
- energibruk i bygg
- landbruk og mat
- avfall og sirkulær økonomi
- klimatilpassing og overvatn

God sentrumsutvikling vil kunna bidra til at klimagassutsleppa vert reduserte.

Ved utviding og nyetablering av offentlege tenester i sentrumsnære område, vil kommunen kunna bidra til å redusera transportbehovet, og samtidig gje auka liv i sentrum. «Utbyggingspakke Jæren» vart stemt ned. Ønska tiltak for å betra kollektivtrafikk og tilrettelegging for gåande og syklende, i tillegg til vegutbygging, manglar difor no finansiering

Den vidare utviklinga av sentrum skal ha fokus på energisparande løysingar for nybygg, og leggja til rette for redusert energibruk i eksisterande bygg, både i høve til oppvarming og kjøling. Nye bygg skal ha lågt energibehov til oppvarming og kjøling, og skal helst bruka fornybare energikjelder. Kommunen har som mål å redusera energiforbruket i eksisterande formålsbygg med 10 % innan 2030. Vidare skal, for kommunale bygg, lokal straumproduksjon verta auka til 1 MW innan 2030 (er 0,1 MW i dag). Kommunen skal også stimulera til lokal solproduksjon på 10 MW innan 2030

Kommunen skal ha ei pådrivarrolle for å auka talet på kommunale verksemdar og bedrifter som er miljøsertifiserte.

Klimaendringar fører til meir ekstremt vær. Vi må ta høgde for auka nedbørsmengd og større nedbørsintensitet. Klimatilpassing vil vera eit viktig tema når ein skal byggja med høg arealutnytting og auka fortetting. Dette vil kunne medføra mange tette flater og mindre naturleg areal for absorbering og drenering av overvatn.

Time kommune har pågåande og framtidige prosjekt for overvasshandtering. Overvatn og klimatilpassing i Time kommune - kunnskapsgrunnlag frå 2019 gav grunnlag for detaljerte føresegner i kommuneplanen. Det har òg vorte utarbeidd ein strategi for handtering av overvatn for Time kommune, med forslag til konkrete tiltak i dei ulike områda i Time kommune.

Føresegna frå kommuneplanen sin Arealdel 2018-2030 er innarbeidd i føresegna til revidert sentrumsplan. Føresegna er tilpassa situasjonen i sentrum. Som hovudregel skal overvatn i sentrum takast hand om på eiga tomt og ikkje tilførast kommunalt avløpsnett. Ved kapasitet kan det vurderast om overvatnet vil kunna sleppast på det kommunale nettet for overvatn eller direkte til resipient (Orrevassdraget). Overvatn i sentrum skal handterast lokalt etter følgande tre-trinns strategien: primært skal den daglege nedbøren infiltrerast, sekundært skal det fordrøyast, tertiært skal det sikrast tygge flaumvegar. I område nær Orrevassdraget kan det vurderast om, i staden for fordrøyning, overvatn kan førast sikkert til Orrevassdraget.


Ved oppgradering av vegar i sentrum skal det vurderast om dei er planlagde, slik at dei kan fungera som flaumveg. Løysinga må verta godkjent av vegstyremaktene.

Ei ny, meir presis hydraulisk utgreiing har ført til at «Faresone Flaum» i plankartet er vesentleg endra.

Det er behov for å stilla krav om kvalitet ved uterom knytt til grønne element som tre i byrom, frodige gardsrom og grøn utsikt frå alle bustader. Det same gjeld blå element som bekkar, elver, kanalar og dammar. "Blågrønn faktor" er eit verktøy som set krav til uterom når det gjeld vasshandtering, vegetasjon og biologisk mangfald. Blågrøn faktor kan bidra til å:

- Dempa skadar frå meir og kraftigare nedbør
- Sikra berekraftig overvasshandtering
- Betra mikroklima, vass- og luftkvalitet
- Leggja til rette for betre uterom.

I arealplanlegginga vil ein leggja vekt på bruk av by- og landskapselement som sikrar lokal handtering av overvatn. Større innslag av blågrønne kvalitetar skal sikrast i nye byggeprosjekt i samsvar med rettleiaren «Blågrønn faktor» utarbeidd av «Framtidens byer».



Figur 12: Omsynssone «Faresone flaum» viser de kritiske stadane ved 200 års flaum og stadane der vatnet vil samla seg ved intens nedbør.

Slik vil me gjera det:

- Overvatn skal handterast lokalt etter tre-trinns strategien. I område nær Orrevassdraget kan det vurderast om, i staden for fordrøying, overvatn kan førast sikkert til Orrevassdraget.
- Nyta rettleiar «Blågrønn faktor» i byggesakshandsaminga
- Avklara tiltak med kommunen ved planlegging i område der temakart nr 12 «Flaumvegar» viser tiltakspunkt
- Ved oppgradering av vegar i sentrum skal det vurderast om dei er planlagde slik at dei kan fungera som flaumveg
- Planleggja og koordinera tiltak for handtering av overvatn i Bryne sentrum
- Følgja opp resultat og prioritert tiltaksplan etter gjennomført hydraulisk undersøking av overvasssystemet i Bryne, utført i 2020
- Leggja til rette for at alle kommunale verksemdar i Bryne sentrum vert miljøsertifiserte
- Arbeida systematisk med energiøkonomisering og tiltak som reduserer utslepp av klimagassar
 - Skifta til meir energieffektiv armatur i all offentlig utandørsbelysning i Bryne
 - Arbeida fram Bryne som smart by

Samfunnstryggleik

Bryne i framtida: Bryne vert opplevd som trygg for alle som bur, arbeider og besøkjer byen.

Bryne er ein by der menneske i alle aldrar kan ferdast trygt heile døgnet. Time er mellom dei kommunane i landet som har færrest ulukker og brotsverk, og kommunen set samfunnstryggleik høgt. Aukande folketal framover vil likevel gje større utfordringar, og auka krav til tryggleiken.

Fysiske løysingar som bidrar til at møteplassar, leikeplassar og byrom er opne og synlege, og ikkje vert attraktive for kriminelle handlingar, er viktige for å skapa ein trygg by. Gjennom god planlegging har kommunen eit ansvar for å leggja til rette for førebygging av kriminalitet. Godt opplyste møteplassar og byrom skapar tryggleik på kveldstid.

Fortetting og auka arealutnytting gjer at det skal mindre til for at ein storbrann kan utvikla seg til ein områdebrann. Med høgare befolkningstettleik i sentrum, kan det verta meir utfordrande for utrykkingskøyretøy å koma fram. Planarbeid framover må ha fokus på å sikra at det til ei kvar tid er lett å koma fram med utrykkingskøyretøy. Brannbilen er det største utrykkingskøyretøyet som må kunna koma fram. Rogaland brann og redning IKS har i 2014 revidert krava til tilkomst og vassforsyning som skal leggjast til grunn for prosjektering.

Det vert arrangert fleire store arrangement og festivalar i Bryne sentrum. Alle arrangørar skal utarbeida ROS-analyse for å førebyggja uønska hendingar, og ha på plass tiltak for å avgrensa eventuelle skader. ROS-analysen skal godkjennast av brannvesen og politi i forkant av arrangementet.



Bryne har fått ein stor vidaregåande skule med 2200 og 320 tilsette, og har gjeve ein sterk auke i talet på reisande til og frå kollektivknutepunktet. Førebygging av uønska hendingar i desse områda vert vektlagt i kommunen sine ROS-analysar.

Aukande innvandring krev større fokus på tilrettelegging og tiltak frå kommunen og lokalsamfunn for å lukkast med integrering.

Det er framleis noko lagring av brannfarleg gods enkelte stader i sentrum. Dette må ein ta omsyn til i planlegging.

Slik vil me gjera det:

- Leggja vekt på tryggleik i planlegging og utforming av byen
- Sikra at det er lett å koma fram for utrykkingskøyretøy i sentrum gjennom planlegging og oppfølging
- Leggja til rette for trygge arrangement og festivalar i sentrum
- Revidera gjeldande «Rettleiar for lyssetting» og utarbeida ljosplan som del av «Gatebruksplan for sentrum»

5. Handlingsprogram

Handlingsprogram Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035

	Tiltak	Løyvde midlar (Mill. kr)	2024 -2027	2028-2031	Merknad
1	Gatebruksplanen 1. Regulera og opparbeida Storgata som gågata 2. Reevegen - #AG veg- #Meierigata: gågata 3. Prosjekt Jernbanegata 4. Hetlandsgata 4.1. Samanheng med prosjekt Jernbanegata 4.2. #Trallfavegen- #Kong Sverres gata – tilrettelegging for syklistar 5. Ola Barkveds veg 6. Sidegatene til Storgata	• 15 mill.	• + 15 mill. • Ikkje behov • 200 000 • Inkludert i pkt. 3 • 1 mill. • ?	• ?	• Det må også takast med i rekneskapen at ein tapar inntekter når p-plassane i Storgata forsvinn. • Stenge for biltrafikk, unntatt varelevering. • Samarbeidsprosjekt TK/RFK/SVV; Kolumbus, BaneNor – Utgreiing av moglegheit for betring, oppgradering av Jernbanegata (annet trafikkmønster, kollektiv knutepunkt mm) • Mogleg det berre trengast skilting • Vurdera behov for regulering. Fjerna parkering, mala opp eigne sykkelfelt. • Trafikksikkerhetstiltak • Gjera seg erfaringar etter at parkering i Storgata er fjerna: vurderer om parkeringsplassane i sidegatene til Storgata kan fjernast og gata kan verta lagt til rette for myke trafikantar eller kan gis eit grønt preg. Behov for HC-plassar og sykkelparkering vil bli vurdert fortløpande.

	7. Reevegen- nord og sør 8. Hognestadvegen/Hålandvegen (i sammenheng med prosjekt Jernbanegata? 9. Vardheivegen			• ? • ? • ?	Effektiv sykkelrute Effektiv sykkelrute Effektiv sykkelrute
2	Systematisk måling av type køyretøy og tal på fleire faste målepunkt ved hjelp av ny sensortechnologi		75 000		Kommunen bør få betre innsikt i trafikkavvikling, og t.d. konsekvensar av tiltak som endrar køyremønster, for å måle utvikling over tid
3	Parkeringsanlegg foran Storstova			2032-2035	Strategisk plassering av P-anlegg med tanke på å kompensere for tap av plasser i sentrum, kollektivt knutepunkt, framtidig kommunalt behov mm
4	Formingsretteleiar for Bryne sentrum		200 000		Utvida « <i>Formingsretteleiar for Bryne torg</i> » til å omfatta sentrumsområdet (Storgata, Lauritz Bellesens gata, Reevegen, eventuelt inkludert sidegatene. I tett samarbeid med Bryne Næringsforening. Høyringsforslag til «Områdeplan for Storgata, Bryne» (plan 0506.00) seier at retteliaren skal leggst til grunn for mange detaljer.
5	Ny norm for offentleg gateljos		100 000		Ny norm skal utarbeidast i samarbeid med Lyse Lux
6	Gjennomgang av større leikeplassar og andre opphaldsareal innanfor sentrumsområdet, inkl. forslag og gjennomføring av tiltak.		Anslått kostnad min 5 mill.		

6. Overordna rammer og premisser

(Oversikta er ikkje uttømmende)

Statlege føringar

Plan- og bygningslova: Set rammer for innhaldet i ein kommunedelplan og prosessuelle krav til medverknad, konsekvensutgreiingar og Risiko- og sårbarheitsanalysar under utarbeidinga.

Forskrift om konsekvensutgreiingar: Utdjupar krava om at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiingar for arealplanar med vesentlege verknader for miljø, naturressursar og samfunn.

Lov om folkehelse trådde i kraft 1. januar 2013 og representerer ein «ny giv» i folkehelsearbeidet. Det er lagt vekt på systematisk folkehelsearbeid, tydeleggjering av kopling til planlegging og betydinga av «helse i alt vi gjer» - er eit ansvar for heile kommunen.

Naturmangfaldlova: Naturen med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosesser vert tatt vare på ved bærekraftig bruk og vern. Data og dokumentasjon om økosystem, naturtypar og arter, konsekvensar ein trur planen vil ha på naturmangfaldet, alternativ lokalisering, samla belastning og avbøtande tiltak, bør i nødvendig grad inngå tidleg i planarbeidet.

«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» (vedtatt ved Kongeleg resolusjon 12. juni 2015): Seier noko om kva regjeringa forventar at kommunane skal ta spesielle omsyn til både i arbeidet med planstrategiane og i dei påfølgjande planprosessane.

Rikspolitiske retningslinjer (RPR) og Statlig planretningslinjer (SPR): konkretiserer statlege forventningar til kommunal planlegging på viktige samfunnsområde.

RPR om barn og unge sine interesser i planlegginga gjev føringar for korleis kommunen skal følgja opp barn og unge sine interesser i fysisk planlegging.

RPR for verna vassdrag og lov om vassdrag og grunnvatn gjev føringar for korleis kommunen skal forvalta vassressursane.

SPR for samordna bustad-, areal og transportplanlegging skal sikra at arealbruk og transportsystem vert samordna for å fremja samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikla berekraftige byar og tettstader, leggja til rette for verdiskaping og næringsutvikling og fremja helse, miljø og livskvalitet.

SPR for klima- og energiplanlegging i kommunane skal sikra at kommunane bidreg til å nå dei nasjonale energi- og klimamåla.

St.meld nr. 34 (2012-2013) «Folkehelsemeldinga - God helse - felles ansvar» Legg prinsippet 'Helse i alt vi gjør' til grunn og peikar mellom anna på at omsynet til helse til befolkninga skal få større plass i stads- og nærmiljøarbeidet og samferdselspolitikken.

St. meld nr. 23 (2001- 2002) «Betre miljø i Byer og tettsteder». Konkretiserer overordna mål og prinsipp for utvikling av attraktive, miljøvennlege og funksjonelle byar og tettstader.

St. meld nr. 29 (2011-2012) «Samfunnssikkerheit». Viser ulike tiltak for å styrkja arbeidet med samfunnstryggleiken. Meldinga ser spesielt på store hendingar som går på tvers av sektorar.

St. meld nr. 16 (2004-2005) «Leva med kulturminner». Viser ulike tiltak som skal sikra at mangfaldet av viktige kulturminne og kulturmiljø ikkje går tapt og at det potensialet kulturarven representerer vert tatt meir aktivt i bruk.

St. meld nr. 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste». Viser at kulturminne og kulturmiljø gjev innbyggjarane trivsel, identitet og lokal forankring. Ein peikar på at dette er viktige verdiar ut over enkeltobjekt, som i eit samfunnsøkonomisk perspektiv må sjåast på som kulturelle, sosiale, miljømessige og økonomiske ressursar.

«Den moderne bærekraftige byen», T-1537. Her vert statleg politikk av særleg betyding for byane presentert. Dokumentet inneheld ein samanstilling av arbeidet dei seinare åra med byane sine utfordringar, visjonar, mål og verkemiddel.

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442

Lov om vegar (veglova)

Regionale føringar

Regionalplan Jæren og Søre Ryfylke er retningsgjevande for den kommunale planlegginga. Planen set rammer for utbyggingsmål og utbyggingsretning for kommunen i eit 40års perspektiv. Langsiktig grense for landbruk og område for regional grønstruktur set klare premisser for arealforvaltninga i kommunen. I planen har Bryne fått status som kommunesenter og som regiondelsenter. Eit regiondelsenter kan utviklast med sikte på å verta senter for heile kommunen. Publikumsretta eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjonar som berre gis på eitt stad på Sør-Jæren, bør lokaliserast her. Mange nasjonale og regionale mål kan ein oppnå ved å byggja kompakt: styrking av sentrumsfunksjonane, redusera transportbehovet, redusera klimagassutslepp, omsyn til jordvern, ta vare på kulturlandskap og biologisk mangfald, m.m.. Ein av utfordringane er å byggja den kompakte byen, og samtidig sikra ønska bukvalitet.

Regionalplan for folkehelse 2013-2017: Regionalplanen har som mål å fremj a god helse og utjamna sosiale helseforskjellar. Å skapa støttande miljø for god helse på alle arenaer der folk ferdast og lever. Regionalplanen peikar på at folkehelse

er heimla i Plan- og bygningslova. Der heiter det at ein i planlegginga skal leggja til rette for god utforming av bygde omgjevnader, gode bumiljø og gode oppvekstvilkår og levekår i alle delar av landet. Ein skal fremja helsa til befolkninga, sosiale helseforskjellar skal motverkast og ein skal bidra til å førebyggja psykiske lidningar m.m.

Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturminnevern (FDP - FINK) i Rogaland (vedtatt i 2005): Har mål, strategiar og kartfesta føringar for bruk og vern av areal og betre samordning av naturverdiar, kulturverdiar og tilrettelegging til friluftsliv, idrett og reiseliv.

Fylkesdelplan for universell utforming 2014-2017: Viser korleis ein på ulike samfunnsområde kan integrera universell utforming. Universell utforming skal vera eit overordna prinsipp i all planlegging og tilrettelegging. Relevante satsingsområde frå denne er bygg og anlegg, uteområde, friluftsliv, reiseliv og samferdsel.

Regionalplan for energi og klima i Rogaland (vedtatt i 2010): Planen gjev regionale føringar for berekraftig energiproduksjon i fylket og utarbeider strategiar og tiltak for meir effektiv energibruk og reduksjon av utslepp av klimagassar frå Rogaland.

Regionalplan for klimatilpassing Planen er ein overordna og strategisk plan for arbeidet med klimatilpassing i Rogaland. Planen skal bidra til meir samarbeid på tvers av nivå og fag, meir kunnskaps- og kompetanseheving, meir innovasjons- og forskingsaktivitet, og større gjennomføringsgrad av klimatilpassingstiltak.

Rammeplan for avkjørsler på riks- og fylkesveger 2013-2016: Planen sikra at ulike saker vert vurdert likt på tvers av kommunar og fylkesgrenser i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Den inneheld differensierte byggegrenser for ulike typar avkjørslar.

Regionalplan for kulturmiljø 2023 - 2035

Regionalplan for kulturmiljø gir oversikt over viktig kulturarv i Rogaland, og sett rammer for den regionale kulturmiljøpolitikken. Planen inneheld både oversikt over kulturmiljø, mål, planretningslinjer og eit handlingsprogram som viser planlagde tiltak. Planen vil verta lagt til grunn ved revidering av kommunen sin Kulturminneplan 2008-2019 og innarbeidd i sentrumsplanen etter at han er vedtatt.

Kommunale føringar

Kommuneplan for Time samfunnsdel (2022-2034): Samfunnsdelen er det overordna politiske styringsdokumentet i kommunen. Samfunnsdelen tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon over ein tolvårsperiode.

Kommuneplanen for Time arealdel (2018-2030): Arealdelen er det overordna politiske styringsdokumentet i kommunen. Arealdelen skal samordna vert og

utvikling. I arealdelen vert det sett av naudsynte areal for å kunna oppnå dei ulike måla kommunen har til dømes i høve til barnehagar, skular og bustadar. Arealdelen består av eit plankart med tilhøyrande føresegner og retningslinjer.

Kommunedelplan for grønstruktur i Bryne: Er innarbeidd i Kommuneplan 2011-2022 og i kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026

Kommunal planstrategi: Er eit verktøy i plan- og bygningsloven. Føremålet er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp, eller vidareføra for å leggja til rette for ei ønskja utvikling i kommunen. Planstrategien for kommunestyreperioden 2019-2023 seier at Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 må verta revidert når det gjeld retningslinjer, føresegner og kart for å få samsvar med kommuneplan 2018-2030. Planstrategien har fokus på sosial, økonomiske og miljømessig berekraft. For sentrumsplanen er utfordringar knytt til FN sine berekraftsmål: Nr 11: *«gjera byar og samfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige» sentral.*

Klima og miljøplan 2023-2033: Kommunedelplan for energi og klima 2011-2022 vart revidert i 2023. Ny plan har meir fokus på miljø enn føre plan. I planen er det sett eit kommunalt klimamål om reduksjon av klimagassutslepp med 55 % fram mot 2030. Biologiske utslepp frå jordbruk er ikkje inkludert i målet. Framskriving av klimagassutslepp i Time kommune visar at målet ikkje vil verta nådd utan ein sterk intensivering av tiltak. Å leggja betre til rette for sykling er eit viktig satsingsområde. Klimatilpassing er inkludert i ny klima- og miljøplan.

Kulturminneplan 2008-2019: Omfattar dei viktigaste kulturminna i kommunen, og inneheld forslag til ulike typar av vern av desse etter ei enkel prioritering. Kulturminneplanen er under revidering og vil, gjennom ei avgrensa revidering av sentrumsplanen, verta innarbeidd etter at han vil verta vedtatt.

7. Vedlegg

Temakart 1 «Viktige byrom»

Temakart 2: «Kvartalsstruktur og kvartalstypologi»

Temakart 3: «Høgder på bygg med prinsippskisser»

Temakart 4: «Område med ulik krav om Minste felles uteopphaldsareal (MFUA) med prinsippskisser»

Temakart 5: «Soneinndeling frikjøpsordning MFUA»

Temakart 6: «Aktive og opne fasadar med forklaring»

Temakart 7: «Gatehierarki»


Temakart 8: «Grøne Byrom»

Temakart 9: «Ruter for mjuke trafikantar»

Temakart 10: «Bevaringsverdige bygg og anlegg»

Temakart 11: «Soneinndeling krav om parkering»

Temakart 12: «Flaumvegar»




Temakart nr 1

Viktige byrom

Teiknforklaring

- Plass
- Byrom
- Sentrumsplanområde
- Kommunegrense



Temakart nr 2

Kvartalstruktur og kvartaltypologi

Teiknforklaring

- Kompakt busetnad
- Karre-busetnad
- Opne kvartal
- Opne kvartal - fritstående bygg
- Sentrumsplanområde
- Kommunegrense

Dato: 22.03.2024
Plan og forvaltning, Time kommune

Høgder på bygg med prinsippkisser

Teiknforklaring


- **Viktig høgdedrag**
- **Kategori 1**
- **Kategori 2**
- **Kategori 3**
- **Min. 60% av bygg sitt BYA skal vera kategori 3, maks. 40% av bygg sitt BYA kan vera kategori 4**
- **Kategori 4**
- **Kategori 5**
- **Min. 60% av bygg sitt BYA skal vera kategori 3, maks. 40% av bygg sitt BYA kan vera kategori 6**
- **Min. 60% av bygg sitt BYA skal vera kategori 3, maks. 40% av bygg sitt BYA kan vera kategori 7**
- **Område for høghus, maks 75 moh**
- **Høghus, 94 moh**
- **Bevaring (egne høgdeforesegner)**
- **Sentrumsplanområde**
- **Kommunegrense**

Prinsipp for byggehøgder


Høgdevurderinga for Bryne tek utgangspunkt i å vidareføra den eksisterande kvartalsstrukturen. Det skal leggjast særleg vekt på gode opphaldskvalitetar i dei offentlege romma. Kvaliteten i eit offentlig rom, er i høg grad avhengig av høgda på bygningane samt avstanden mellom desse. Kvaliteten er og avhengig av bystrukturen, her særleg i høve til veksling mellom tronge gater og opne rom. Fastsetjing av høgder tek utgangspunkt i å sikre sol i gaterom og på fasadane. Utgangspunkt for vurderinga er sett til 1 mai, kl 13.30.

Ved fastsetjing av byggehøgder skal det takast omsyn til nærliggjande eksisterande bygningar, særskild bevaringsverdige bygningar, samt gatebilette og eventuelt skrått terreng.


Kategori	Maks gesimshøgde utan næring (i meter)	Maks gesimshøgde med næring (i meter)	Maks monehøgde utan næring (i meter)	Maks monehøgde med næring (i meter)
1	8	9	10	11
2	11	12	13	14
3	13	14	13	14
4	16	17	16	17
5	19	20	19	20
6	22	23	22	23
7	25	26	25	26




Prinsipp for berekning av høgder (jf pkt 8.1.6) samt terrasseringsprinsipp ved skrått terreng




Prinsipp for brot i gesims fra fasade til fasade (jf pkt 13.1.8) samt oppdeling etter eigedomsstruktur (jf pkt 13.1.9)






Prinsipp for beregning av MFUA og høgder i bygardane



MFUA

- Sone 1: Privat sone, 4 m (terasse og gangareal)
- Sone 2: Areal som er grunnlag for beregning av minste felles uteoppfallsareal (MFUA)

Bygardar skal gje plass til opptil 100 og leik, men også til stiar, inngangar, terrassar, balkongar, mm.




Høgdeprinsipp

Innanfor kvartalet gjeld eigne reglar for høgder. Her skal høgda på fasaden i forhold til avstanden mellom fasadane stå i eit forhold til 2:3. Avstand mellom fasadane skal ikkje vera mindre enn 20 m.

Temakart nr 4 Område med ulike krav om minste felles uteoppfallsareal (MFUA) med prinsippsskisser

Teiknforklaring

- Krav om minimum 30 km MFUA
- Krav om minimum 16 km MFUA
- Sentrumsplanområde
- Kommunegrense




Temakart nr 5

Soneinndeling fritaksordning MFUA

Teiknforklaring

-  Soneinndeling
-  Krav om minimum 16m2 MFUA
-  Opphaldsareal kor midler frå fritaksordning skal nyttast
-  Park/nærmiljøanlegg
-  Sentrumsplanområde
-  Kommunegrense






Aktive fasadar




Aktive fasadar er fasadar som er knytt til **sentrumsformål og har vindauge og inngangsparti**. Vindauge bør vera opne for gjennomsyn, slik at brukarane får oppleve aktiviteten bak desse. Aktive fasadar bør treffa bakkeplan og skal ikkje dekkast til.




Innsyn i kontor og butikk er mogleg.

Opne fasadar



Opne fasadar er fasadar som har vindauge i første etasje. Fasaden vert meir levande og har ei klar orientering mot det offentlege rommet. Funksjonsorienterte fasadar som i hovudsak består av trappetårn og svølgengar bør ikkje tilast i viktige byrom.




Sokkellasar opp til 90 cm over bakken kan tillast.

Temakart nr 6

Aktive og opne fasadar med forklaring

Teiknforklaring

- Aktive fasadar
- Opne fasadar
- Byrom, plassar
- Handlesenter
- Sentrumsplanområde
- Kommunegrense




Temakart nr 7

Gatehierarki

Teiknforklaring

- Inngongar
- Grøne samband på gåande sine premissar
- Gågate
- Promenade
- Sentrumgate
- Bygate
- Sentrumplanområde
- Kommunegrense




Temakart nr 8

Grøne byrom

Teiknforklaring

- Utsiktspunkt
- Siklinje
- Framtidige grønne byrom
- Grønne byrom
- Eksisterende plassar
- Framtidige plassar
- Eksisterende parkar og grønne område
- Framtidige parkar og grønne område
- Potensial for leik/grønt
- Grønne område utanfor planområdet
- Sentrumsplanområde
- Kommunegrense





Temakart nr 9


Ruter for mjuke trafikanter gjennom Bryne sentrum

Teiknforklaring

- Samband
- Samband - Framtidig
- Hovudruter
- Hovudruter - Framtidig
- Samband_utgreiing
- Foljengarprioritert område
- Planområde
- Kommunegrense



Dato: 05.11.2024
Plan og forvaltning, Time kommune




	Automatisk freda kulturminne - H730
G	Gravminne (Lokalitetsid 44817), 2/20
	Høgt prioriterte kulturminne frå nyare tid, jf. Kulturminneplan Time kommune 2008 - 2019
	Omsynssone bevaring - regulert etter pbl (Vist med hensynssone H570_1 på plankart)
R1	Bryne Mølle, 1/179
R2	Kornmottak, 1/180
R3	Solhaug, 1/873
R4	Smilå, 1/28
R5	Bryne skule, 1/193
R6	Steinbakken, 1/290
R7	Tidlegare Jæren Meieri med pipe, 1/62
R8	Holmen, 1/834
R9	Nerdal, 1/173
R10	Grand hotell, 1/68
R11	Svensenhuset, 1/70
R12	Spønehus, 1/789
R13	Sveisehall, 1/788
R14	Steinborg, 1/ 209
R15	Bustadhus, 1/644
R16	Soltun, 2/39
	Bygningar og anlegg i verneklasse Sefrak A (Vist med hensynssone H570_2 på plankart)
HP1	Solvang, 1/71
HP2	Norabakken, 1/141
HP3	Solheim, 1/134
	Kommunalt prioritert liste (Vist med hensynssone H570_3 på plankart)
HP6	Ingelin, 1/ 243
HP7	Storåker, 1/227
HP8	Natvighuset, 1/206
HP9	Norderhov- Dahlhuset, 1/178
HP10	Brynevoll- Haugehuset, 1/177
HP11	Brynevang/Festiviteten, 1/ 218
HP13	Nedre Dahlheim – Sælandshuset, 1/154
HP14	Målfridstua- Kjos Hansen huset, 1/42
HP15	Kårhaug, 1/98
HP16	Bellesenhuset, 1/24
HP17	Torget 3, 1/196
HP18	Eiden, 1/9
HP19	Oppheim, 1/99
HP20	Østerlide- Gundersenhuset, 1/ 112
HP21	Heimly- Lendehuset, 2/23


Temakart nr 10

Bevaringsverdige bygningar og anlegg

Teiknforklaring

- Regulert etter plan og bygningsslova
- Høgt prioriterte bygningar og anlegg, SEFFRAK A
- Høgt prioriterte bygningar og anlegg, kommunalt prioritert liste
- Automatisk freda kulturminne
- Sentrumplanområde
- Kommunegrense





Temakart nr 12

Flaumvegar

Teiknforklaring

Helingsretning

Tiltakssoner

Sentrumsplanområde

Kommunegrense

Dato: 06.03.2024

Plan og forvaltning, Trine kommune

